

# Planprogram

*Områdereguleringsplan indre sentrumssone*

**HØYRINGSUTKAST**  
*Sist revisert 23.09.2022*



# 1 Innhold

<b>1. INNHALD</b>	<b>s. 2</b>
<b>2 INNLEIING</b>	<b>s. 3</b>
2.1 Om områdereguleringsplan og planprogram	s. 3
2.2 Bakgrunn for planarbeidet	s. 3
2.3 Formålet med planen	s. 3
2.4 Planen sitt innhold og detaljgrad	s. 3
2.5 Krav om konsekvensutgreiing	s. 4
2.6 Avgrensning av planområdet	s. 4
2.7 Planprosess og organisering	s. 5
2.8 Medverknad	s. 7
2.9 Framdriftsplan	s. 8
<b>3. RAMMER OG FØRINGAR</b>	<b>s. 9</b>
3.1 Lovgrunnlag, nasjonale og regionale føringar	s. 9
3.2 Kommuneplanar og kommunedelplanar	s. 9
3.3 Reguleringsplanar	s. 13
3.4 Andre planar og kunnskapsgrunnlag	s. 14
3.5 Moglegheitsstudie	s. 14
<b>4. DAGENS SITUASJON I PLANOMRÅDET</b>	<b>s. 16</b>
4.1 Dagens arealbruk	s. 16
4.2 Bustadtettleik	s. 16
4.3 Kulturminne og kulturmiljø	s. 17
4.4 Møteplassar og parkar	s. 17
4.5 Landskap, grønstruktur og rekreasjon	s. 17
4.6 Grunnforhold	s. 18
4.7 Grunnforurening	s. 18
4.8 Flaum, stormflo og flodbølgje	s. 18
4.9 Naturmangfold	s. 19
4.10 Trafikkforhold	s. 19
4.11 Gåande og syklande	s. 20
<b>5. MÅLSETTINGAR</b>	<b>s. 21</b>
5.1 Mål for Volda sentrum	s. 21
5.2 Prinsipp for gjennomføring	s. 21
<b>6. ALTERNATIV</b>	<b>s. 24</b>
6.1 Alternativ 0	s. 24
6.2 Felles for begge alternativa	s. 24
6.3 Alternativ 1	s. 26
6.4 Alternativ 2	s. 27
6.5 Utviklingsområde	s. 28
<b>7 UTGREIINGAR OG KUNNSKAPSBEHOV</b>	<b>s. 32</b>
<b>8 UTGREIINGSPROGRAM FOR KONSEKVENSUTGREIINGA</b>	<b>s. 35</b>
8.1 Generelt	s. 35
8.2 Metode for konsekvensutgreiing	s. 35
8.3 Utgreiingstema	s. 36
<b>9 ROS-ANALYSE</b>	<b>s. 39</b>

# 2 Innleiing

## 2.1 Om områdereguleringsplan og planprogram

### Om områdereguleringsplan

“Områdereguleringsplan brukes av kommunen der det er krav om slik plan i kommuneplanens arealdel, eller kommunen finner at det er behov for å gi mer detaljerte områdevise avklaringer av arealbruken.”

### Om planprogram i plan- og bygningslova, § 4-1:

“Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn samtidig med varsling av planoppstart.”

Planprogrammet si hovedoppgåve er å tydeleggjere kva som skal handsamast i kommuneplanen, avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om og å synleggjere kva kunnskap som er naudsynt for avgjerd om plan. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess og sikre god politisk forankring av planen slik at den kan bli eit styrande politisk dokument. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.

## 2.2 Bakgrunn for planarbeidet

Gjeldande reguleringssplanar i indre sentrumssone er av eldre karakter, og det er behov for ein gjennomgang av arealbruken. Volda kommune sin [Planstrategi for 2020-2024](#) vart vedteken i kommunestyret 10.02.21. Der er områdereguleringsplan for indre sentrumssone sett opp som prioritert plan med oppstart i 2021.

Gjennom arbeidet med kommunedelplan for tidlegare Volda kommune har ein avgrensa området det skal utarbeidast områdereguleringsplan for. Kommunedelplanen vart godkjent 12.08.21.

I 2016 vart det utarbeidd ein Utviklingsplan for Volda sentrum, som også er ein del av bakgrunns-/grunnlagsarbeidet. Utviklingsplanen er ikkje juridisk bindande. I 2021 vart det utarbeidd ein moglegheitsstudie for Volda sentrum, som vurderer ulike volum, høgder og tettleik.

## 2.3 Formålet med planen

Formålet med planarbeidet er å fastsetje dei juridiske rammene for korleis indre sentrumssone skal utvikle seg i framtida. I dette ligg det å gi rammer for byggjehøgder, offentlege område/møteplassar, vegar, gangvegar, grøntareal og bruk av sjøareala. Kommunen ønsker å legge til rette for fortetting og transformasjon i samsvar med føringar i kommunedelplan for tidlegare Volda kommune og Utviklingsplanen.

## 2.4 Planen sitt innhald og detaljgrad

Dømer på tema planen skal ta føre seg:

- Rammer for byggjehøgder og utnytting (møne- og gesimshøgd)
- Rammer for parkering, parkeringsnorm – kvar skal ein parkere?
- Trafikkmonster - hovudprinsipp
- Mjuke trafikantar – gåande og syklande
- Krav til byrom og gatemiljø - standard og opparbeiding
- Fortetting, transformasjon, ombruk og riving
- Byggjeskikk og utforming av offentlege areal
- Krav til leikeareal – har eiga leikeplassnorm og går fram av kommunedelplan
- Grønstruktur – Samanhengar mellom gater, parkar og friluftsområde.
- Blågrøn struktur – sjøen, elva osv. Leikeplassar

- Utvikling av sjøfronten og hamneområdet frå Vikeneset og forbi industriområdet
- Overvasshandtering
- Bekkeopning
- Utfylling i sjø

## 2.5 Krav om konsekvensutgreiing

Planar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn skal konsekvensutgreiast.


Områdereguleringsplanen fell inn under § 6 i forskrift om konsekvensutgreiingar (§ 12-2 etter plan- og bygningslova) som krev at områdereguleringsplanar som legg til rette for næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med bruksareal på meir enn 15 000 m<sup>2</sup> alltid skal konsekvensutgreiast med planprogram (jf. punkt 24 i vedlegg 1 i forskrifta). Planen fell også inn under punkt 10 b i vedlegg II, som omhandler utviklingsprosjekt for by- og tettstadsområde, inkludert kjøpesenter og parkering.

Konsekvensutgreiinga skal skildre kva for verknader endring i arealbruk eller utbygging får for miljø og samfunn. Fordelar og ulemper av dei ulike tiltaka skal vurderast i lys av dei overordna måla for miljø og samfunn.

## 2.6 Avgrensing av planområdet

Planområdet er på ca. 700 daa, og omfattar om lag alt areal som er vist som indre sentrumssone i kommunedelplanen sin arealdel.

Planområdet strekk seg frå ferjekaia ved Vikeneset i nord, opp Smithsgata og vidare opp Storgata frå Kyrkjegata, via rundkøyringa ved Engesetvegen og fyl Porsemøyvegen til og med ungdomsskulen. Vidare fyl grensa ned Elvegata og inkluderer Prestegarden, Brunvoll og Hamneområdet i sør.



Avgrensing av planområdet



*Avgrensing av planområdet med ortofoto*

## 2.7 Planprosess og organisering

### 2.7.1 Plantype

Områdereguleringsplanen vil bestå av planomtale, plankart og tilhøyrande føresegner. Dette gir juridiske rammer og føringer for bruk, vern og utforming av areal og fysiske omgjevnader etter pbl § 12-1.


I planen kan det setjast krav om detaljregulering eller felles planlegging, og det vil kunne vere noko variasjon i detaljgrad mellom dei ulike områda i planen. Ved behov vil ein opne for parallelle detaljreguleringsprosesser som seinare integrerast i den ferdige planen. Områdereguleringsplanen vil gjelde til den vert avløyst av ein ny plan, men kommunen sitt høve til å oreigne fell vekk når planen er 10 år.

Under prosessen skal ein utvikle forslag til planløysingar, involvere dei som vert råka på ein god måte og gi eit heilskapleg grunnlag for kommunestyret sitt vedtak i plansaka.

### 2.7.2 Planprosess

Planprosessen er delt inn i følgjande fasar:

1. Planoppstart og planprogram
2. Utgreiingar og planløysingar
3. Planforslag og handsaming av plan



Dei tre hovudfasane i reguleringsplanprosessen. Kjelde: Regjeringen.no

### 2.7.3 Planprogram med konsekvensutgreiing

Planprogram etter forskrift om konsekvensutgreiing §14 skal:


- gjere greie for føremålet med planarbeidet
- skildre planområdet og viktige problemstillingar for miljø og samfunn
- skildre alternativa
- gjere greie for tema som skal utgriast og framgangsmåten for dette
- planprosessen, framdrift og medverknad

Planprogrammet skal vere eit fleksibelt verktøy i ein tidleg fase av planarbeidet, og skal tilpassast plansituasjonen og -behovet. Når planprogrammet leggast ut til offentleg ettersyn varslast planoppstart.

### 2.7.4 Organisering

Prosjektleiar skal i samarbeid med prosjektgruppa på 4-6 personar frå administrasjonen vil ha ansvar for praktisk gjennomføring av arbeidet og oppfølging av konsulent. Arbeidet med områdereguleringsplanen vil vere tema på planmøte og leiar møte, og desse gruppene utgjer ressursgruppene for råd og innspel frå administrativt hald. Formannskapet vil bli nytta som sparringpartnar politisk og vil ha høve til å kome med råd og innspel underveis i planprosessen. Det vert lagt opp til jamlege orienteringar i Formannskapet.

Elles vil det verte aktuelt å involvere andre referansegrupper underveis i planprosessen. Det vil også verte arrangert aktivitetar for å sikre medverknad frå aktuelle interesser, grupper og samfunnsaktørar.



*Organisering av arbeidet med områdereguleringa*

## 2.8 Medverknad

Plan- og bygningslova stiller krav om at den som fremtar planforslag også skal legge til rette for medverknad. Planmyndene skal iverksette tiltak for medverknad.

Kommunen ynskjer å legge opp til ein brei medverknadsprosess for å sikre aktiv medverknad frå ulike grupper. Ein vil nytte ulike medverknadsmetodar som sørger for at ein får debatt kring aktuelle utfordringar og at dei råka vert sikra moglegheit for ein god dialog og reell medverknad under dei ulike fasane i planprosessen.

Aktuelle metodar kan vere opne folkemøte, barne- / eldre- eller folketråkk, å etablere prosjektkontor i sentrum eller ulike "her og no-tiltak" innanfor planområdet.

Ein ynskjer også å involvere næringsliv, grunneigarar, studentar, frivillige lag og organisasjonar, grendelag o.l. i planarbeidet, t.d. gjennom temamøter eller sofadiskusjonar. Det er viktig å sikre brei politisk deltaking og involvering, og politiske råd og utval skal nyttast på ulike måtar (formannskapet, ungdomsrådet, eldrerådet, råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne, tenesteutval for forvaltning og utvikling m.v.) Ein vil også nytte administrative arbeidsgrupper med representantar frå dei ulike sektorane i kommunen.

Eit av måla med medverknadsprosessane er å få konkrete innspel til måla og forslaga i plandokumentet, men å få til gode prosessar er også eit mål i seg sjølv. Figur 2 viser ulike fora ein ser for seg å nytte, men vidare konkretisering og metodebruk er under utvikling.

### 2.8.1 Områdemodning

«Her og no-tiltak» eller «områdemodning», inneber å nytte mellombelse tiltak på et tidleg tidspunkt for å aktivisere område, og for å førebu endringa til framtidig funksjon og bruk. Temaet heng saman med

heilskapleg medverknad og involvering av innbyggjarane. Gjennom denne metodikken involverast innbyggjarane tidleg i områdeutviklingsprosessen gjennom deltaking i å utforme og bruke de mellombelse tiltaka.

Slike arena for involvering kan også nyttast til uttesting av ny bruk og til å skaffe verdifull innsikt til planarbeidet om kva for funksjoner og tiltak som fungerer, og som er ynskte av innbyggjarane. Gjennom slik involvering kan «her og no – tiltak» nyttast som kontaktflate for dialog om planarbeidet, i tillegg til å være en prosess som utviklar området sin nye identitet. Mellombelse tiltak kan nyte areal utandørs, eller innandørs, og bidra til at området er i bruk og har aktivitet gjennom både planarbeid og anleggsfasen. I moglegheitsstudien er det vist gode konsept for ny struktur av offentlege rom, gatestruktur og forbindelsar. Slik sett har man et godt utgangspunkt for å begynne med midlertidige områdemodnings/placemakings-aktivitetar på strategisk viktige punkt og forbindelsar på et tidleg tidspunkt.

## 2.9 Framdriftsplan

Når vedteke planprogram ligg føre og budsjettramme for gjennomføring av områdeplanen er avklara, vil det bli utlyst konkurranse for å avklare konsulentbistand for gjennomføring av planen.

Framdriftsplanen vist nedanfor tek utgangspunkt i at det vert gjennomført eit offentleg ettersyn av planprogram og eit offentleg ettersyn av framlegg til områdereguleringsplan. Dersom det blir nødvendig med fleire offentlege ettersyn vil framdriftsplanen for endeleg handsaming av planen bli utsett. Samstundes tek ein etterhald om eventuelle endringar i framdriftsplanen for eksempel på grunn av kapasitetsmessige årsaker.

		2022		2023		2024
		Første halvår	Andre halvår	Første halvår	Andre halvår	Første halvår
Fase 1: Planprogram	Utarbeide planprogram					
	Varslel om oppstart, vedtak om høyring og offentleg ettersyn (FSK)					
	Høyring og offentleg ettersyn planprogram (6 veker)					
	Merknadshandsaming planprogram					
	Vedtak planprogram (KST)					
Fase 2: Utarbeiding planframlegg	Konkurranseutlysing og val av konsulent					
	Planutvikling og utgreiingsarbeid					
	Medverknad / dialog med ulike målgrupper			Etter behov gjennom heile prosessen		
	Utarbeiding av KU og framlegg til reguleringsplan					
Fase 3: Høyring og vedtak	Vedtak om høyring og offentleg ettersyn FSK					
	Høyring og offentleg ettersyn reguleringsplan (6 veker)					
	Merknadshandsaming					
	Utarbeiding av endeleg områderegulering					
	Politisk vedtak områdereguleringsplan (KST)					

# 3 Rammer og føringer

## 3.1 Lovgrunnlag, nasjonale og regionale føringer

- Plan- og bygningslova (2008)
- Forskrift om konsekvensutgreiing (2021)
- Lov om kulturminne (1978)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging x
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014) x
- Statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen (2011)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpasning (2022) x
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og unges interesser i planleggingen, Rundskriv T 02/08
- Regional planstrategi
- Regionale planar
  - o Regional delplan for folkehelse
  - o Regional delplan for klima og energi
  - o Regional delplan for attraktive byar og tettstadar
  - o Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion
  - o Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi
  - o Regional delplan for museum
- Andre relevante dokument
  - o Miljøverndepartementet si retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen
  - o Samfunnssikkerhet i kommunen si arealplanlegging
  - o Havnivåstigning og stormflo – samfunnssikkerhet i kommunal planlegging
  - o Nasjonalt veikart for smarte og bærekraftige byer og lokalsamfunn

## 3.2 Kommuneplanar og kommunedelplanar

### 3.2.1 Kommuneplanens samfunnsdel

#### Kommuneplanens samfunnsdel for Volda kommune 2022-2034

Volda kommune er i gang med å rullere samfunnsdelen, og eit forslag til ny plan har vore ute på høyring. Samfunnsdelen skal ta stilling til langsigktige utfordringar, mål og strategiar for samfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Kommuneplanens samfunnsdel inneholder arealstrategiar som er førande for områdereguleringsplanen. Arealstrategiane følgjer opp målsettingane i samfunnsdelen og gir føringer for kommunen sin arealbruk i eit langsigktig perspektiv.

Planlegging og utbygging skal legge vekt på utvikling av kompakte lokalsamfunn, og legge til rette for aktive og sosiale kvardagsliv. Transportplanlegginga skal prioritere mobilitet til fots, på sykkel og med kollektivtransport. Dette vil imøtekome målsettingar om å redusere klimagassutslepp, og bidra til eit meir aktivt, inkluderande og aldersvenleg samfunn.

Samtidig som samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vil redusere transportbehovet, vil det også redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde. Dette er viktig for å sikre viktige landbruks-, natur- og friluftslivsområde. Strategiar for lokalisering av arbeidsplassar, bustadar, reiseliv og næringsareal vil bidra til å styrke den regionale posisjonen og bygge opp om kommunen som ein attraktiv bu-, arbeids-, leve- og besøksregion. Arealstrategiane skal leggast til grunn ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel og framtidige forslag om regulering og utbygging. I planarbeidet vil det vere sentralt å følgje opp desse arealstrategiane.

Planarbeidet byggjer på FN sine 17 berekraftsmål, og tek utgangspunkt i fire satsingsområde med tilhøyrande hovedmål:

## Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

### Hovedmål:

Vi legg til rette for arbeidsplassar og busetnad, og styrker den regionale posisjonen.

## Grøn omstilling

### Hovedmål:

Voldasamfunnet reduserer klimagassutsleppa, og tilpassar seg konsekvensane av klimaendringane. Volda kommune sine direkte klimagassutslepp skal i 2030 vere redusert med minst 55 % samanlikna med 2009.

## Livskvalitet og meistring

### Hovedmål:

Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar.

## Organisasjonsutvikling

### Hovedmål:

Volda kommune er ein føreseileg og tydeleg aktør i alle sine relasjoner, og innbyggjarane og tilsette skal oppleve tillit til kommunen.

## Arealstrategiar i kommuneplanens samfunndel:

### *Hovudsenter*

- Volda sentrum skal ha funksjon som hovudsenteret i kommunen, og prioriterast som regionalt handels-, bu- og næringssentrum med urbane kvalitetar. Hovudsenteret skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.
- Volda sitt sær preg og identitet skal styrkast ved å sikre den eldre trehusbebyggelsen og anna særprega arkitektur, ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger og sikre eit ope sentrum mot fjorden.
- Offentlege regionale funksjonar skal lokaliserast til indre og midtre sentrumssone.
- Detaljhandel, hotell, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemder skal i hovudsak lokaliserast til indre sentrumssone.

### *Lokalsentre*

- Grodås, Mork-Furene, Folkestad og Lauvstad/Dravlaus er lokalsentre. Lokalsentra skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god teknisk og digital infrastruktur, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg og god tilgang til nærtur- og friluftslivsområde.
- Offentlege og allmenne formål utanfor Volda tettstad skal lokaliserast til lokalsentra.
- Mork-Furene skal ha funksjon som regionalt knutepunktsenter med område for handel med plasskrevjande varer.

### *Fortetting*

- Vi skal prioritere fortetting og transformasjon i og nær sentrumskjernen og eksisterande utbyggingsområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
- Fortettingsprosjekt i Volda sentrum skal legge høg vekt på estetisk og arkitektonisk kvalitet, bidra til aktive gaterom og ha høg kvalitet på felles uteområde.

## **Bustadområde**

- Vi skal sikre mangfold og variasjon i bustadtilbodet, ta i vare bustadsosiale omsyn og legge vekt på god bukvalitet, inkludert gode felles uteopphaldsareal, møte- og leikeplassar i buområda.

## **Offentlege og regionale funksjonar**

- Vi skal sikre areal til vidareutvikling og nyetableringar av offentlege og regionale funksjonar.
- Vi skal sikre tilstrekkeleg areal for barnehagar og skular, inkludert gode uteareal.
- Vi skal sikre universell utforming i alle offentlege bygg og uterom.

## **Næringsareal**

- Volda kommune skal ha tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal vere knytt til hovudvegnettet og trasear for kollektivtransport.
- Områder avsett til næring skal ha høg arealutnytting.

## **Møteplassar**

- Offentlege uterom, torg, møteplassar og rekreasjonsareal i sentrumsområda, bustadområda og på forretnings-/næringsområda skal fremme aktivitet og deltaking, vere tilgjengeleg for alle og utviklast med høg kvalitet og variert innhald.

## **Natur- og friluftsområde**

- Vi skal sikre og utvikle viktige natur- og friluftslivsområde og legge til rette for tilgang til områda.
- Vi skal ta i vare verdifulle naturtyper og biologisk mangfold.
- Ålmenta si moglegheit for ferdsel og aktivitetar langs fjorden og blågrøne strukturar frå fjord til fjell skal sikrast og styrkast.

## **Reiseliv og kulturmiljø**

- Vi skal sikre areal til og vidareutvikle overnattingstilbodet i Volda sentrum, Grodås og Bjørke og legge til rette for hytte- og småskala reiselivsutbygging i heile kommunen.
- I Hjørundfjorden skal turisme, natur- og friluftsverdiar prioriterast.
- Vi skal sikre viktige kulturmiljø og kulturminne, inkludert verdifulle setremiljø.
- Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser, natur- og friluftslivsområde eller verdifulle setremiljø.

## **Transport og infrastruktur**

- Vi skal sikre og prioritere gode, samanhengande og trygge gang- og sykkelvegforbindelsar spesielt i tettstadene og lokalsentra. Snarvegar skal ikkje sperrast eller innsnevrist. I Volda sentrum skal myke trafikantar prioriterast framfor gods- og personbiltrafikk.
- Vi skal utvikle gode kopplingar mellom høgskuleområdet og andre funksjonar i Volda sentrum.
- Vi skal utvikle Volda sentrum, Furene og Grodås som regionale kollektivknutepunkt og styrke tettstadene, lokalsentra og bygdene med betre kollektivtilbod.
- Vi skal sikre moglegheit for ladepunkt ved offentlege bygningar, i sentrum og i lokalsentra.
- Vi skal sikre trygge og gode kommunikasjonar i regionen og heile kommunen med mål om ferjefrie fjordkryssingar.
- Det skal leggast til rette for fiber/breiband og telekommunikasjon i hele kommunen.

## **Arealbruk**

- Vi skal legge til rette for berekraftig utvikling av jord-, skog- og fjordbruk.

- Vi skal ta i vare dyrka og dyrkbar mark. Omdisponering av dyrka mark skal vere minst mogleg. Omdisponert dyrka eller dyrkbar mark skal ha høg utnyttingsgrad. I perioda 2022-2034 kan maksimalt 15 daa dyrka mark omdisponerast etter jordlova frå LNF til bustad, fridtidsbustad, næring, samferdsel eller andre formål som setter landbruket til side.
- Vi skal vere ein arealnøytral kommune. Det vil seie at for å kunne ta inn nye utbyggingsareal i kommuneplanen, må kommunen først ta ut gamle, avsette, men unytta utbyggingsareal.

## **Samfunnstryggleik og klimatilpassing**

- Institusjonar med krav til utrykkingstid skal ikkje plasserast utanfor tettstadane.
- Utsett bebyggelse og transportinfrastruktur skal sikrast mot flaum, ras, skred, havnivåstigning og andre uønska hendingar. Nye utbyggingsområde skal lokaliserast og utviklast slik at dei er tilpassa konsekvensar av klimaendringane og sikra mot uønska hendingar.
- Vi skal ta i vare samanhengande blågrøne strukturar, sikre flaumvegar, vurdere å opne lukka vassvegar og handtere overflatevatn lokalt.
- Vi skal satse sterkare på naturbaserte løysingar for klimatilpasning.


### **3.2.2 Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune**

[Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune](#), godkjent 12.8.2021.

Planen skisserer følgjande grep for å auke aktiviteten i indre sentrumssone:

- Styrke nærings- og handelsaktiviteten
- Legge til rette for attraktive og sentrumsnære bustader
- Styrke større arbeidsplassar og offentlege funksjonar
- Satse på kulturelle og sosiale møtestader

Det er til dels store areal i indre sentrumssone med utviklings- og fortettingspotensiale både for bustader, handel og andre funksjonar.



I planen er det lagt ut areal til:

- Sentrumsformål
- Kombinert bebyggelse og anleggsformål
- Offentleg eller privat tenesteyting
- Bustader
- Park/grøntområde

For ein del område skal reguleringsplanane framleis gjelde (desse områda er kvite på kartet).

I planen er det lagt ut fleire område til sentrumsformål. Her er det teke grep for å legge til rette for vidareutvikling av forretningsverksemd, tenesteyting og bustadbygging i indre sentrumssone. I område avsett til denne arealbruken ligg det til rette for både auka busesting, meir handel, kjøpesenter og småbutikkar, og alle typar tenesteyting.

I planen er det òg lagt vekt på å sikre fleire elbil- og sykkelparkeringsplassar. Føresegne innneheld krav til både bil-, elbil- og sykkelparkering.

Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven, og representerer viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag – og i framtida. I dokumentet "Bygningsmiljø og estetisk rettleiar" har ein sett nærmere på Volda sitt sær preg og kvalitetar innanfor bygningsmiljøet. Trehusmiljøa i Halkjelsvika, Hauane og Rotsetfjøra og sveitserrekka i Gamlevegen, industribygga i Elvadalen, funkishusa i Vevendelvegen, Storgata og Porsemyrvegen og typehusa i Brenslene, Granlida og Furebakken er lagt inn i kommunedelplanen med omsynssone bygningsmiljø. Eldre trehusbebyggelse og anna særprega arkitektur er markert i planen som omsynssoner.

### 3.3 Reguleringsplaner

PlanID	Namn på plan	Ikraftsett
1965001	Volda sentrum 65	10.12.1965
1996001	Område ved Volda turisthotell	01.02.1996
1997004	Elvadalen	28.08.1997
2000003	Moritzmarka	25.05.2000
2003002	Skjellebreida	30.01.2003
2005005	Holmen	21.04.2005
2007001	Vikeneset	20.03.2007
2007007	Øvre Skjellebreida	31.05.2007
2009002	Skifabrikken	08.06.2009
2010006	Hamnekvartalet	04.02.2010
2011007	Volda Fjordhotell	28.02.2013
2018001	Rotsetfjøra	17.12.2020
2018003	Deltaljregulering Storgata 7 og 9	16.12.2021

To planar er under utarbeiding:

PlanID	Namn på plan
2012012	Fv. 651 - E39 Småbåthamna/Elvadalen
2020001	Detaljreguleringsplan for del av Langeteigen

- Utviklingsplan for Volda (Gehl-planen) (2015)
- Senterstruktur, sentrumsavgrensing og funksjonsfordeling (2018)
- Bygningsmiljø og estetisk rettleiar (2018)
- Bustadbehovsanalyse og prinsipp for bustadfortetting (2018) og Bustadbehov Volda sentrum (2020)
- Rettleiar for leike- og aktivitetsområde (2019)
- Kartlegging av kvartalsleikeplassar (2018)
- Behovsanalyse – areal til offentleg og privat tenesteyting (2018)
- Kulturmiljøplan (2022)
- Kommunedelplan for helse- og omsorg (2022)
- Strategiplan Leve heile livet (2022)
- Campusutviklingsplan

### *3.4 Andre planar og kunnskapsgrunnlag*

- Parkeringsanalyse (2014)
- Tettstadsanalyse (2007)
- Barnetrakk (2017)
- Frå fjord til fjell (2019)
- Kartlegging og verdisetjing av friluftsområde (2017)
- Hovudnett for sykkel i Ørsta og Volda (2010)
- Trafikkteilingar
- Moglegheitsstudie for Volda sentrum (2021)
- Overvassrettleiar (NVE)

### *3.5 Moglegheitsstudien*

Som grunnlag for arbeidet med områdeplan, har Asplan Viak gjennomført ein [moglegheitsstudie](#) for indre sentrumssone. Moglegheitsstudien inneholder analyser, volumstudiar for fortetting og transformasjon og tilrådingar og metodar for vidare arbeid.

For å vise korleis Volda sentrum kan utviklast i framtida, er det utarbeidd to ulike scenario som skildrar grader av fortetting og transformasjon. Scenarioa illustrerer ulike omfang av utvikling, der ein og kan hamne ein stad imellom.

«Scenario Medium» har søkjelys på fornying i sams spel med bevaring av eksisterande bygg og kulturmiljø. Eit mål med scenario Medium er mest mogleg berekraft i høve til bruk av ressursar, med nye prosjekt fylt inn på ledige areal der det kan betre situasjonen. I staden for å foreslå riving av bygg er det lagt vekt på gjenbruk og utvikling av eksisterande hus framfor nybygg.



*Utsnitt frå scenario medium. Kjelde: Asplan Viak*

I «Scenario Large» er det lagt større vekt på korleis ein kan bygge ut i sentrum med større einingar, som samstundes tek omsyn til eksisterande miljø, struktur, viktige byrom og grøntstruktur.

Alternativet legg meir vekt på økonomisk berekraft, og det vil for mange utbyggjarar opplevast som meir utfordrande å bygge store volum. Dei store voluma kan vere eit svar på andre aspekt ved berekraft, ved at dei bidrar til å få fleire folk i sentrum, det kan bli lettare å levere private og offentlege tenester, og fleire kan klare seg med å gå eller sykle til aktivitetar i kvardagen.



*Utsnitt frå scenario large. Kjelde: Asplan Viak*


# 4 Dagens situasjon i planområdet

## 4.1 Dagens arealbruk

Dagens arealbruk er fastsett gjennom ei rekke reguleringsplanar frå ulike tidsepokar. Området er på ca 700 dekar, og strekk seg nesten ein kilometer frå ferjekaia og til og med Hamna langs Voldsfjorden. Innanfor planområdet ligg sentrumskjernen med handel, næring og industri, bustadar, offentleg og privat tenesteyting og sørvis, ungdomsskule, kyrkje og forsamlingshus m.v. E39 går i dag gjennom området, men er planlagt flytta utanfor med realisering av Voldatunnelen i 2029. Ein har også rutebilstasjon for busstrafikk og ferjekai med avgangar til Folkestad og Lauvstad.

## 4.2 Bustadtettleik

Det er både einebustadar og meir tettbygde strok med blokker og leilegheiter innanfor avgrensinga. Innanfor planavgrensinga bur det om lag 650 personar. 250 av dei bur i einebustadar, resten i studentbustadar, leilegheiter, blokk el. Ein stor del av befolkinga er i aldersgruppa 20–29 år.



Aldersfordeling blant dei som er busette innanfor planområdet



*Bussette personar per område*

### 4.3 Kulturminne og kulturmiljø

Godt ivaretekne kulturminne og miljø er identitetsskapande og gjev opplevingsverdiar som kan vere med å styrke utviklinga i Volda. Bygningsmiljøet i Volda er ein del av kulturarven og representerer viktige verdiar og felles ressursar for samfunnet i dag og i framtida. Kommunedelplan for kulturminne og Bygningsmiljø og estetisk rettleiar for Volda sentrum (2018) inneheld mellom anna oversikt over viktige kulturminne og bygningsmiljø i Volda sentrum. Volda kyrkje, Skrivargarden på Skjerva, Volda prestegard, Halkjelsvik tettstad og Volda Elektriske Mylne er bygningar innanfor planområdet med nasjonal eller regional verdi. Kommunedelplan for tidlegare Volda kommune inneheld også føresegner for soner i planområdet der ein skal ta særleg omsyn til bygningsmiljø; Halkjelsvika og Elvadalen.

### 4.4 Møteplassar og parkar

Volda har fleire parkar og grøne lunger og møteplassar med innslag av grønt i sentrumområdet. Nokre av desse er lista opp nedanfor:

- Elvadalen
- Paviljongen/Uppheimsparken
- Rådhusparken
- Flyndra
- Moloen
- Kyrkjegarden

### 4.5 Landskap, grønstruktur og rekreasjon

Landskapet kring Volda sentrum har bratte fjell og lier, og tettstaden er plassert heilt ved sjøen på austsida av Voldsfjorden. Volda er ein typisk skålforma fjorddal, avgrensa mot nord av ein 7 km lang samanhengande rygg, beståande av Niven, Vardehornet, Melshornet, Grøthornet og Sandhornet og mot sør av det mektige Rotsethoret, som dannar ei markert avgrensing til tettstaden.

Naturen i Volda er mindre dramatisk enn andre stader på Sunnmøre, med lågare og mindre bratte og

nakne fjell. Søraust for sentrum ligg Rotevatnet. Frå vatnet rett Øyraelva gjennom grøntdraget Elvadalen og ned til sentrum og fjorden.

Naturen rundt sentrum og kontakta med fjorden gjer at ein får kjensla av å vere nær naturen også når ein oppheld seg i Volda sentrum. Utanom sentrumskjerna er Volda prega av grøne område, med grøne og og frodige hagar rundt einebustadane i liene rundt.

## 4.6 Grunnforhold

Heile planområdet ligg under marin grense, og det er førekomstar av marine strandavsetningar som kan innehalde kvikkleire. Det er likevel gjort mange terrenginngrep og grunnundersøkingar utan at det er registrert kvikkleire eller ustabile masser. Dette taler for at det er mindre sannsynleg at det er kvikkleire i kommunen, men det kan likevel ikkje heilt utelukkast. Med ei potensiell fare for ustabil grunn og grunnforhold i område med marine strandavsetningar må ein gjere grunnundersøkingar.

## 4.7 Grunnforureining

Gamle industritomter, bensinstasjonar og verkstader er områder som kan vere utsette for ulike miljøgifter. Det finst minst to område med mogleg grunnforureining innanfor planområdet; ved Cirkle K og ved Hamnegata 31 (tomta der Sunnmørsposten ligg i dag).

## 4.8 Flaum, stormflo og flodbølgje

Områda ved Øyraelva, Djupetrova og andre elvar innanfor planområdet er vist med aktsemdsområde for flaum.

Delar av planområdet ligg så lågt at det er fare for oversvømmelse ved stormflo. Ifølgje DSB sine prognosar for havnivåstigning er denne venta å vere på 74 cm i 2100 for Volda, med klimapåslag. Planen må innehalde føresegner knytt til havnivåstigning og stormflo, og krav til tryggleikstiltak i tråd med gjeldande tilrådingar frå DSB.



Situasjon ved 200 -årsflaum med havnivåstigning i 2090

## 4.9 Naturmangfold

Registreringar i Naturbase viser at det er utfordringar med framande artar i indre sentrumssone.

Kantvegetasjon langs bekkar og vassdrag er eit tydeleg landskapselement og betyr mykje for økosystemet i og langs vassdraget, og kan også bidra til å redusere erosjon.

## 4.10 Trafikkforhold

I dag går E39 gjennom planområdet, noko som medfører stor gjennomgangstrafikk. Trafikkmengda på E39 er rundt 9000 i ÅDT (årsdøgntrafikk). Lange køyretøy utgjer om lag 9%.

I Elvadalen er trafikken om lag 8700 ÅDT, og i Egsetstranda er trafikken om lag 9300 i ÅDT, begge sist målt i 2021.




ÅDT teljingar nær sentrum

Ein del av vegar, kryss og avkjørsler har ikkje tilfredsstillande utforming i dag. Fleire stader må ein rygge ut i vegbana for å kome seg ut av parkeringsplassar, enkelte kryss er uoversiktlege og kan skape farlege situasjoner.

Voldatunellen er venta å stå ferdig i 2029 og vil redusere gjennomgangstrafikken i sentrum.

Parkeringsanalysen (2014) viser at det var 1026 parkeringsplassar i Volda sentrum, i tillegg til 23 handicaparkeringar. Parkeringsområda ved rådhuset og ved Brunvoll hadde som venta låg rotasjon av unike brukarar, medan parkeringsplassane i sentrumskjernen har fleire unike brukarar og større grad av korttidsparkering.



*Parkeringsplassar i og rundt sentrum, med totalt tal parkeringsplassar og HC-parkering der det finnast*

#### 4.11 Gåande og syklande

Enkelte stader er gangvegnettet usamanhengande, smalt og har til dels dårlig standard. Sykling skjer på fortau ilag med gående eller i vegbana i lag med bilar. Det er ikke gjort eiga tilrettelegging for syklande innanfor planområdet.

Det er innanfor planområdet gjort noko tilrettelegging for gåande, i form av belysning og utbetring av gangvegar. Ein har utfordringar i høve universell utforming og framkomeleghet i sentrum, som t.d. tersklar, smale fortau og lite belysning.

# 5 Målsettingar

## 5.1 Målsettingar og prinsipp

1. Fortetting og transformasjon som støttar opp om utvikling av eit regionalt handels-, bu-, besøks- og næringssentrum med urbane og berekraftige kvalitetar.
2. Ein attraktiv stad å bu og ein sentral opphaldsstad med gode kvalitetar for folk i alle aldrar, som er med på å skape liv i sentrum gjennom døgnet.
3. Bygge opp under staden sin identitet ved at ein tek vare på og styrkjer opplevinga av staden sitt kulturmiljø og kulturhistorie. Ein skal ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger i sentrum.
4. Legge til rette for utvikling av hamneområdet og sjølinja, og ein skal sikre ei god kopling mellom fjord og fjell.
5. Gjere det meir attraktivt for innbyggjarane å gå, sykle, og reise kollektivt. Ein skal sikre gode og trygge gang- og sykkelsamband og legge til rette for sykkelparkering i sentrum.
6. Skal ha blågrøn struktur der bygningar, infrastruktur, uterom og grøntstruktur tilpassast lokale klimaforhold og klimaendringar. Overvatn skal så langt det let seg gjere nyttast som ein ressurs (leik, læring, rekreasjon og vatning).
7. Skal vere ein meir berekraftig og klimarobust tettstad. Legge til rette for energieffektivisering og fornybare energiløysingar. Ha fokus på låg energibruk og reduksjon av klimagassutslepp.

## 5.2 Prinsipp for gjennomføring

Under presenterast dei overordna prinsippa som skal vektleggast i planarbeidet. Prinsippa bygg på og støttar opp om målsettingane for planarbeidet, og vil gjelde i begge alternativa.

### 1. Fortetting og transformasjon

*Vi skal legge til rette for utvikling av eit sentrum med urbane og berekraftige kvalitetar gjennom fortetting og transformasjon.*

Fortetting og transformasjon vil kunne styrke aktivitet og mangfold i Volda sentrum - eit attraktivt sentrum for handel og aktivitet, der fleire ynskjer å bu, besøke og opphalde seg.

Moglegheitsstudien viser potensiale for fortetting og transformasjon. Tiltrådingane frå denne skal leggast til grunn for planarbeidet. Fortetting og transformasjon kan skje både gjennom ombruk, tilbygg og påbygg med utgangspunkt i eksisterande bygningsmasse, og gjennom å rive og bygge nytt. Det er viktig å vere varsam i høve dei historiske bygningsmiljøa. Fortettingsprosjekt skal legge høg vekt på estetisk og arkitektonisk kvalitet, bidra til aktive gaterom og ha høg kvalitet på felles uteområde.

### 2. Sentrumsnære bustader, gateliv og rekreasjon

*Volda sentrum skal ha eit godt og variert bustadtilbod for folk i alle aldrar, og kvalitetar som inviterer til opphold og aktivitet gjennom store delar av døgnet.*

Planen skal legge til rette for mangfold og variasjon i bustadtilbodet, ta i vare bustadsosiale omsyn og legge vekt på god bukvalitet, inkludert gode felles uteoppahaldsareal, møte- og leikeplassar i buområda.

Det er viktig å ta i vare område for byliv og rekreasjon og utforme slike på ein måte som inviterer til opphold og spontane møte.

Dagens parkar, plassar og byrom må takast i vare, og ein vil også gjennom planen styrke forbindelsane som knyt dei saman. Dette er også eit ledd i å styrke tilknytinga mellom sentrum og friluftsområda ikring.

I eit tettare og meir urbant sentrum vil det vere behov for nye møteplassar, leike- og uteopphaldsareal og grøntområde. Sjøfronten vil også vere ein viktig ressurs i eit tettare sentrum, som byr på kafèliv, uteliv, handel og opplevingar og gir staden gode eigenskapar. Det kan vere behov for nye areal som bør vere tilgjengelege for folk i ein tettare struktur. Det vil vere naudsynt å gjere endringar i arealbruken, til dømes ved å konsentrere areala avsett til bil og parkering.

### **3. Stadsidentitet og særpreg**

*Volda sentrum sin identitet og særpreg skal framhevast som ein ressurs i den vidare utviklinga av tettstaden.*

Bygningsmiljøa Halkjelsvika og Elvadalen representerer noko unikt og er ein viktig del av Volda sentrum sin identitet som skal takast i vare, styrkast og dras nytte av i vidare utvikling. Det er viktig å ha fokus på arkitektur, og korleis nye bygg står i høve til omgjevnadane. For enkelte område skal det vurderast å sette særskilde krav til materialbruk, takform, utforming av hjørne, bruk av første etasje og andre forhold som skaper det miljøet ein ønskjer.

### **4. Revitalisering av hamneområdet og sjøfronten**

*Vi ynskjer ein sjøfront med folkeliv og aktivitet fra Vikeneset til Mylna.*

Sjøfronten skal prioriterast for folkeliv og aktivitet. Både moglegheitsstudien og utviklingsplanen foreslår nye løysingar for hamneområdet og sjøfronten som skal utgreiaast vidare. Med flytting av E39 er det mogleg å legge om køyremønsteret og få bilfrie areal til andre funksjonar og aktivitet i hamneområdet. Ei slik omlegging vil redusere trafikken i ein viktig del av sentrum og vil kunne bidra til å skape meir aktivitet, gjer at ein får betre kontakt med sjøen, og reduserer både støy og støv for dei som oppheld seg i sentrum.

### **5. Vi vil prioritere grøn mobilitet**

*Reguleringsplanen skal legge til rette for å redusere klimagassutslepp gjennom å gjere klimavenlege val enklare og meir attraktivt.*

Med høgare bustadtettleik skal fleire kunne bu i sentrum og klare seg utan eigen bil. Mobilitet for mjuke trafikantar skal prioriterast framfor biltrafikk. Det kan til dømes vere aktuelt å avgrense område for biltrafikk og parkering for personbilar for å prioritere mobilitet for kollektivtrafikk, mjuke trafikantar og sykkel.

### **6. Blågrøn struktur**

*Den blågrøne strukturen skal styrkast og vidareutviklast.*

Tilgangen til tilgjengelege friluftsområde skal takast i vare i utviklinga av eit tettare, meir urbant og berekraftig sentrum.

Det er viktig med samanhengande gater og allmenningar med kontakt til fjorden. Vatn er ein ressurs som kan nyttast som element i utforming av nye byrom. Ny blågrøn struktur skal

kunne nyttast til læring, leik, rekreasjon og vatning.

Opning og vidareføring av bekkar gjennom planområdet vil kunne gi fleire positive effektar; ei meir robust overvasshandtering, styrking av biologisk mangfold og i tillegg kan det å gjenskape blågrøne element i tettstaden legge til rette for friluftsliv og rekreasjon. Ein ynskjer å legge til rette for at ein skal kunne gå i grøntdraga heile vegen ifrå sentrum til friluftsområda ikring.

## **7. Ein berekraftig og meir klimarobust tettstad**

*Vi skal gjere naudsynte grep for å redusere klimagassutslepp og tilpasse oss klimaendringane i bygg, infrastruktur og grønstruktur*

Reguleringsplanen skal vere eit verktøy for tilpassing til klimaendringane. Gjennom reguleringsplanen skal vi prioritere løysingar som reduserer klimagassutslepp og sikrar gode løysingar som førebur oss på klimaendringane. Planforslaget skal legge til rette for opparbeiding av infrastruktur som toler framtidige klimaendringar som auka nedbørsmengder/overvatn og havnivåstigning.

Infrastruktur, bygningar, bygningsmasse og -komponentar skal ombrukast og gjenbrukast der det let seg gjere. Ein skal nytte materiale med lang levetid, som toler framtidige klimaendringar og som er eigna for gjenbruk.


Fleksibilitet i bygg og legge til rette for sambruk, betre energiutnytting, lågare energibruk og legge til rette for auka bruk av fornybare energikjelder.

# 6 Alternativ

Etter §14 punkt c i forskrift om konsekvensutredning (KU-forskrifta) skal planprogrammet innehalde ei skildring av relevante og realistiske alternativer og korleis desse skal vurderast i konsekvensutgreiinga. Desse er skildra under, med døme frå enkelte sentrale område.

I planprosessen vil det bli vurdert 2 alternative løysingar for utvikling innanfor planområdet i tillegg til 0-alternativet. Dei to alternativa er basert på evalueringar og tilrådingar frå moglegheitsstudien. Viser til kapittel 5.2 og prinsippa for utvikling av områda som er presenterte der.

Alternativ 1 er i stor grad likt med scenario Medium og alternativ 2 med scenario Large.



Sentrumsområdet med gjeldande reguleringsplanar

## 6.1 Alternativ 0

Med alternativ 0 meinast ei vidareføring av dagens situasjon med gjeldande reguleringsplanar, altså eit samanlikningsalternativ. Rammene frå gjeldande reguleringsplanar består, men med supplering i høve til nye retningslinjer, lover og forskrifter. Reguleringsplanane som fortsett gjeld i sentrum er presenterte i kapittel 3.3.


## 6.2 Felles for alternativ 1 og 2

Ut frå målsettingar og prinsipp for planarbeidet er det ein del føringar for utvikling som vil vere felles for alternativ 1 og 2:

### 6.2.1 Fortetting og transformasjon

Begge alternativa skal:

- Legge til rette for fortetting og transformasjon av bygningsmassen i delar av sentrumsområdet, med særleg vekt på områda merkte i kartet; Moritzmarka, Hamna/Coop, Propellhallen og Hamnegata/Sjøgata.
- Legge til rette for auka byggehøgder og fortetting
- Sette grenser for, og sikre variasjon i byggehøgder
- Ta i vare arealbehov og funksjonelle samanhengar for overordna infrastruktur som gang-, sykkel- og bilveg, kollektivtransport og god tilkome til området og delområda.
- Gjere greie for tolegrenser for ny utbygging i planarbeidet



Sentrale område for fortetting

## **6.2.2 Sentrumsnære bustader, gateliv og rekreasjon**

Begge alternativa skal:

- Legge til rette for større grad av bustader, arbeidsplassar og handel i planområdet.
- Sikre mangfold og variasjon i bustadtilbod og buformer.
- Sikre at bustader har god bukvalitet og kvalitetar for folk i alle livsfasar
- Legge til rette for at alle bustadareal skal ha tilgang på gode felles uteopphaldsareal og møte- og leikeplassar.
- Legge til rette for opp mot 400 nye bueiningar innan 2032
- Legge til rette for ein aktiv sjøfront med kaféliv, uteliv, handel og opplevingar
- Sikre areal til regionale funksjonar.
- Skal ivareta og forsterke dagens parkar, plassar og byrom.
- Legge til rette for nye forbindelsar, parkar, plassar og byrom/uterom.
- Krav til utforming og bruk av førsteetasjane og variasjon i funksjon og aktive fasader på gateplan
- Sette krav til kvalitet på utforming av offentlege og private vegar, gater og uteområder
- Avklare grenser mellom offentlege og private gaterom
- Vurdere areal avsett til bil og parkering for om moglegleg å frigjere meir areal til byliv
- Vurdere bilfrie soner.
- Legge til rette for variert handel og næringsliv
- Gode offentlege rom som er opne for alle og legg til rette for spontane møte

## **6.2.3 Stadsidentitet og sær preg**

Begge alternativa skal:

- Ta vare på kulturmiljø og kulturhistorie gjennom arealbruk og føresegner
- Sikre at ny bebyggelse vert godt tilpassa verdifullt bygningsmiljø
- Ta vare på smug, fjordgløtt og grøne lunger i sentrum
- Legge til rette for at opplevinga av staden sitt kulturmiljø og kulturhistorie vert styrka
- Sikre at område i tilknyting til kulturmiljø vert utforma på ein måte som står i høve til omgjevnadane, og tek omsyn til estetisk og arkitektonisk kvalitet, samt bidreg til aktive gaterom med høg kvalitet på uteområda.
- Skal etter behov ha særskilde krav til materialbruk, takform, utforming av hjørne, utforming og bruk av første etasje og andre forhold som skaper det miljøet ein ynskjer.

## **6.2.4 Hamneområdet og sjøfronten**

Begge alternativa skal:

- Legge til rette for endring av køyremønster i Hamnegata
- Legge til rette for ein aktiv sjøfront med kaféliv, uteliv, handel og opplevingar
- Legge til rette for tilgjengeleg sjøfront fra Vikeneset til Brunvoll
- Legge til rette for ny og fornys bygningsmasse langs sjøsida
- Legge til rette for å sikre infrastruktur og bygningsmasse mot klimaendringar som t.d. havnivåstigning

## **6.2.5 Grøn mobilitet**

Begge alternativa skal:

- Prioritere tiltak som fremmar framkome for mjuke trafikantar, og legge til rette for redusert personbilbruk i Volda sentrum
- Sikre tilstrekkeleg areal for sykkelparkering, utforma i samsvar med retningslinjer for kvalitet i kommunedelplan for tidlegare Volda kommune
- Prioritere kantstopp og effektiv framkome for bussar, og gode forbindelsar og tilgjenge til eksisterande og framtidige kollektivpunkt
- Parkering skal primært løysast med fellesanlegg mellom anna for å gjøre det meir attraktivt å gå og sykle i bilfrie områder.
- Skal styrke forbindelsar for gåande og syklande, med særleg fokus på ferdsselsårene mellom

høgskuleområdet og sentrum.

- Legge til rette for og styrke viktige gang- og sykkelaksar i sentrum og forbindelsar til omliggande område gjennom utbetring av mobilitetsløysingar
- Legge til rette for samband mellom grøne lunger i sentrum og styrke koplinga mellom fjord og fjell

#### 6.2.6 Blågrøn struktur

Begge alternativa skal:

- Legge til rette for utvikling av hamneområdet og sjøfronten på ein måte som sikrar gode koplingar mellom fjord og fjell
- Legge til rette for og prioriterer naturbaserte overvassløysingar og blågrøne løysingar som bidreg til opplevingskvalitetar
- Legge til rette for løysingar som prioriterer opplevingskvalitetar tilknytt offentlege rom og ferdsselsårar i planlegging av blågrøne løysingar
- Skal legge til rette for bekkeopning der det ligg til rette for det, på både offentlege og private areal
- Legge til rette for at bekkeopning er med på å styrke grøntdraga mellom fjord og fjell

#### 6.2.7 Ein berekraftig og klimarobust tettstad

Begge alternativa skal:

- Legge til rette for tiltak som sikrar at nye og eksisterande bygnignar og infrastruktur toler framtidige klimaendringar som auka nedbørsmengder/overvatn og havnivåstigning.
- Legge til rette for og prioritere naturbaserte overvassløysingar, som bekkeopning, drenerande flater og ivareta naturlege flaumvegar
- Sikre eksisterande grøntområde og kantsoner langs bekkar og elvar
- Sikre større grad av grøne og/eller drenerande flater i private og offentlege uteareal.
- Sikre større grad av materialbruk som toler framtidige klimaendringar og som er eigna for gjenbruk.
- Legge til rette for fleksibilitet i bygg og legge til rette for sambruk
- Legge til rette for at bruk av fossil energi reduserast til eit minimum i anleggsfasen
- Sikre at utbyggjar/utviklar av område skal etablere robuste og vedlikehaldsvenlege klimaløysingar for framtida. Overvatn skal handterast lokalt, og på ein måte som bidreg til å skape eit attraktivt buområde
- Prioritere grøne tak framfor blågrøne tak
- Sikre at låg energibruk og fornybar energi vert lagt vekt på i alle ombyggingar og i nybygg
- Sette krav om felles infrastruktur for vannbåren varme i nye utbyggingsområde
- Legge til rette for ein tettstad med mindre transportbehov til daglege gjeremål
- Legge til rette for felles avfallsløysingar i planområdet.

### 6.3 Alternativ 1

Alternativ 1 er i hovudsak basert på «Scenario Medium» i Moglegheitsstudien. «Scenario Medium» har søkjelys på fornying i samspel med bevaring av eksisterande bygg og kulturmiljø. I alternativ 1 er det eit mål med høg grad av berekraft i høve til bruk av ressursar, med nye prosjekt fylt inn på ledige areal der det kan betre situasjonen. I staden for å foreslå riving av bygg er det lagt vekt på gjenbruk og utvikling av eksisterande hus framfor nybygg. Bygningsvoluma som er foreslått i Medium utfordrar i liten grad høgder, og er meint for å vise kva som er mogleg å få til med mindre bygg. Desse kan også vere lettare å realisere for mindre utbyggjarar eller innanfor dagens tomtestruktur, sjølv om ein kan få best effekt i samarbeid på tvers av grensene også her. Alternativet tek i stor grad omsyn til eksisterande miljø, struktur, viktige byrom og grønstruktur. I nokre område er det avvik mellom «Scenario Medium» og alternativ 1. I desse områda er det gjort vurderingar der ein foreslår mindre intensiv utnytting enn det «Scenario Medium» viser. Dette er skildra i kapittel 6.5.



*Scenario medium*


## 6.4 Alternativ 2

Alternativ 2 tek utgangspunkt i «Scenario Large» i Moglegheitsstudien. I Alternativ 2 er det lagt større vekt på korleis ein kan bygge ut i sentrum med større einingar, som samstundes tek omsyn til eksisterande miljø, struktur, viktige byrom og grønstruktur. Sjølv om dette alternativet kan synast å legge mest vekt på den økonomiske berekrafta, vil det for mange utbyggjarar opplevast som meir utfordrande å bygge store volum. Berre det å gå frå tre til betong er i seg sjølv fordyrande. Det kan òg føre til større klimagassutslepp. Dei store voluma kan vere eit svar på andre aspekt ved berekraft, ved at dei bidreg til å få fleire folk i sentrum, det kan bli lettare å levere private og offentlege tenester, og fleire kan klare seg med å gå eller sykle til aktivitetar i kvardagen. Bygningsvoluma som er vist i «Scenario Large» er døme på vurdert maksimal utnytting og høgder for dei ulike tomtene.

I nokre område er det avvik mellom «Scenario Large» og alternativ 2. I desse områda er det gjort vurderingar der ein foreslår mindre intensiv utnytting enn det «Scenario Large» viser. Dette er skildra i kapittel 6.5.



*Scenario large*




*Høgdesoner i Alternativ 2*

## 6.5 Utviklingsområde

Område som er særleg aktuelle for å legge til rette for størst endring og transformasjon presenterast under med nærmere skildring av aktuelle tiltak. Illustrasjonane er henta fra moglegheitsstudien, og i nokre av utsnitta er enkelte bygg kryssa over. Denne bygningsmassen ynskjer ein ikkje å legge til rette for i alternativa.


*Alternativ 1*



I alternativ 1 er det aktuelt å legge til rette for ei deling av området. Småhus gjerne organisert i klynger mot Røysgata, som legg til rette for fleire familiebustader i indre sentrumssone. På dagens busshaldeplass vil ein kunne opne for ei meir kompakt utbygging av bygningsmasse i 4 etasjar, som kan romme fleire funksjonar som t.d. leilegheiter, forretningar, kontor og tenesteyting. Parkering under bakkeplan. Det vil vere aktuelt med ny forbindelse mellom dei to utbyggingsområda.

*Alternativ 2*

**Moritzmarka**



Alternativ 2 opnar for større bygningsvolum. Fleirfunksjonsbygg på inntil 5 etasjar mot Industriegata. Avtrappende høgder mot Røysgata. Også her er det lagt opp til parkeringsløysing under bakkeplan. Alternativet opnar for fjerning av eksisterande bygningsmasse mot Røysgata og Halkjelsgata.


## Alternativ 1

## Alternativ 2

### Propellhallområdet



Alternativ 1 opnar ny bygningsmasse på ubygde areal som i dag er nytta til parkering i tillegg til eigedomen Røysbakken 6 der det kan vere aktuelt å opne for å erstatte eksisterande bygg med eit nytt og større bygg. Fleirfunksjonsbygg på inntil 4 etasjar. Endra arealbruk frå industri til sentrumsformål, der det vil vere aktuelt med bustad, forretning, kontor og tenesteyting. Med ny utbygging vil det vere behov for nye forbindelsar og gateløp.



Alternativ 2 opnar for ei løysing med høgare utnytting av heile området langs Industrigata, frå Cirkle K til Øyraelva. Her er det opna for fleirfunksjonsbygg i inntil 5 etasjar. Aktuelle funksjonar vil vere bustad, forretning, kontor og tenesteyting. I småhusområdet mellom Røysbakken og Øyraelva er det aktuelt å opne for fortetting med småhus, og ikkje det massive bygningsvolumet som er vist i illustrasjonen og som er kryssa over. Det er lagt opp til ein ny forbindelse mellom Røysbakken og Elvadalen.

### Coop-tomta, Hamna



Alternativ 1 opnar for nye bygningar på ubygde areal som i dag er parkeringsplass, både mot sjøfronten og på parkeringa ved Coop – begge inntil 4 etasjar. Bygningane vil kunne romme fleire funksjonar både bustad, tenesteyting, forretning og kontor. Alternativet legg også opp til nye bygningar på 3 og 4 etasjar på parkeringa mot Brunvoll. Bygning i 3 etasjar kan vere aktuelt som bustadbygg medan bygning nærmast dagens industriverksemder bør prioriterast for næringsformål. Mot sjøsida vil det vere aktuelt med nye gangsamband for ålmenta. Det kan vere behov for noko fylling i sjøen.



Alternativ 2 opnar for transformasjon av heile området, utanom Mylnå (utkryssa - teknisk kulturminne) og Hamna 20. Her er det lagt opp til bygningar på inntil 7 etasjehøgder ved sjøfronten. Alternativet legg til rette for ei større utbygging som totalt vil endre dette området, men som også kan gi sentrum ei helt ny fasade. Her er det aktuelt med leilegheiter, forretningar, kontor, tenesteyting og hotell. Som i alternativ 1 vil det mot sjøsida vere aktuelt med nye gangsamband for ålmenta. Det kan også vere behov for noko fylling i sjøen.

## *Alternativ 1*

## *Alternativ 2*

### **Hamnegata / Sjögata**



Hovudgropet i alternativet er flytting av biltrafikken fra Sjögata til Hamnegata på strekninga frå ferjekaia og austover, forbi Sivert Aarflot-plassen før trafikken igjen kjem inn på dagens trasé ved Hamnekvartalet. Dette vil gi ein sjøfront der ein kan legge til rette for meir aktivitet. Vegomlegginga legg til rette for vidareutvikling av bygningsmassen med tilbygg/påbygg langs Sjögata, som kan få hovudfasade mot fjorden der det vert opna for auka byggehøgd på 3-4 etasjar. Aktuelle funksjonar er forretning, tenesteyting, kontor og bustad. Det er lagt opp til å vidareføre det opne rommet mellom «Flyndra» og «Cubus-bygget».

Alternativ 2 har også med grepet med å flytte biltrafikken fra Sjögata til Hamnegata. Alternativet legg opp til større høgder og volum enn alternativ 1. Her er det opna for ny bygningsmasse på 3-5 etasjar på begge sider av Hamnegata. Aktuelle funksjonar er forretning, tenesteyting, kontor og bustad. Også her ynskjer ein sikre det opne rommet framom Cubus/Tredet for å ta i vare fjordutsikta.

### **Parkeringsplass og park v/rådhuset**



Alternativ 1 legg opp til utbygging av ny bygningsmasse 4 etasjar på dagens parkeringsareal. I hovudsak er det aktuelt med offentleg tenesteyting, bustader og kontor. Dagens parkareal skal framleis nyttast til park. Gangsambandet mellom Storgata og Gymnasvegen skal forsterkast.

Alternativ 2 opnar for utbygging med relativt høg utnyttingsgrad på parkeringsarealet ved Rådhuset. Det er lagt opp til parkering i underetasje/under bakkeplan. Aktuelle bruksformål er offentleg tenesteyting, bustader og kontor. Gangsambandet mellom Storgata og Gymnasvegen skal forsterkast. Ikke utbygging på det som i dag er park.


## *Alternativ 1*

## *Alternativ 2*

### **Circle K - Elbo - Kiwi Skjellebreia**



I alternativ 1 vert det opna for ny utbygging på areal på ubebygd areal, som frittståande nybygg og tilbygg til eksisterande bygningsmasse. Bygningane kan ha inntil 5 etasjar. Det er ønskjeleg å opne for fleire funksjonar i bygningane som bustad, forretning, kontor og tenesteyting. Mellom Håmyrselva og Øyraelva skal det sikrast eit tverrgående gangsamband. Det er ikkje aktuelt å opne for utbygging på arealet mellom Skjellebreia og bygning med Kiwi.




Alternativ 2 opnar for utbygging i heile området på inntil 4-5 etasjar. Justering av høgder må eventuelt vurderast for å ta i vare fjordgløtt for bebruarane på Skjellebreia. Alternativet legg til rette for fjerning av dagens bygningsmasse utanom på Kiwi

### **Storgata**



Alternativ 1 opnar for utbygging på inntil 3-4 etasjar på dagens parkeringsareal. Same føremål som elles i denne delen av Storgata med bustad, forretning og kontor. Dette alternativet medfører at reguleringsplanen for Volda Fjordhotell ikkje vert vidareført. Reguleringsplan for Storgata 7 og 9 vert vidareført.



Alternativ 2 opnar for utbygging på inntil 5 etasjar i nedre del av Storgata. Dette medfører fjerning av eksisterande bygg. Bruksføremål som elles i denne delen av gata med bustad, forretning og kontor. Reguleringsplan for Storgata 7 og 9 vert vidareført.

# 7 Utgreiingar og kunnskapsbehov

Dette kapittelet viser ei oppsummering over dei tema ein må ha kunnskap om / utgreie for å kunne utarbeide planforslaget. Tema som må konsekvensutgreiast skildrast i neste kapittel.

## **Transport og trafikk**

- Trafikkanalyse med vurdering av omlegging av trafikken i Hamnegata/Sjögata
- Vurdering av parkeringsløysingar som imøtekjem målsettinga om auka fokus på grøn mobilitet

## **Teknisk infrastruktur**

- VAO-rammeplan for planområdet, som samsvarer med kommunen sin VA-norm.
  - plan for overvasshandtering
  - løysingar for bekkeopning og naturlege flaumvegar
  - prioritere naturbaserte og/eller blågrøne løysingar
  - eventuelt endra kapasitetsbehov som følgje av gjennomføring av tiltaka planen opnar for.
- Vurdering av løysingar for avfallshandtering innan planområdet.
- Vurdere endra behov i infrastruktur for straumnett/IKT
- Vurdere behovet for og moglegheitene for nye energiløysingar som t.d. fjernvarme, fjordvarme, solcelle.

## **Verknader som følgje av endra klima – havnivåstigning, stormflo, flaum og skred**

- Vurdere korleis ein kan sikre tettstadstrukturen mot flaum og stormflo, og korleis ein kan redusere utfordringane knytt til havnivåstigning.
- Utgrie overvassløysingar (VAO-rammeplan)
- Vurdere løysingar for klimatilpassing, som t.d. bekkeopning og naturbaserte overvassløysingar i private og offentlege uteareal, grøne og/eller drenerande flater, og kantsoner langs bekkar og elvar

## **Forureining – utslepp til luft, klimagassutslepp, forureining av vatn og grunn, støv, lukt og støy**

- Støvvurderingar der planen legg til rette for støyfølsom bruk.
- Forureining i sjø v/evt utfylling
- Utslepp til luft i anleggsfase (støv, lukt)

## **Grunnforhold – sikker byggjegrunn, behov for utfylling i sjø m.m.**

- Vurdering av grunnforhold må gjennomførast der planen legg til rette for utbygging utan detaljregulering
- Vurdering av grunnforhold der utfylling i sjø er aktuelt?

## **Beredskap og ulukkesrisiko**

- Vurdere tilkomst for utrykkingskøyretøy, tilgang til sløkkevatn
- Trafikktryggleik
- ROS-analyse

## **Naturmangfold**

- Det skal skildrast korleis planforslaget påverkar / legg til rette for verdiar knytt til naturmangfold på land og i sjø innanfor planområdet

## **Vassmiljø**

- Vurdere påverknad av vassmiljø i Voldsfjorden skal utgriast i samband med eventuell utfylling i sjø.
- Vurdere om vassmiljø i elvar og bekkar vert påverka av tiltak i planen

## **Landskap, nærmiljø og grønstruktur**

- Vurdere landskapsverknaden i fjordlandskapet og bybiletet, og vurdere tolegrenser for ny utbygging.
- Det skal gjerast greie for korleis utbygging som planen legg til rette for påverkar sol- og dagslysforhold og vindretningar, samt fjordgløtt.
- Vurdere løysingar for styrking av eksisterande og etablering av nye parkar, plassar og byrom
- Vurdere løysingar for hamneområdet, grøne lunger og forbindelsar mellom desse, sett i samanheng med målet om å sikre gode koplingar frå fjord til fjell
- Sjå på løysingar for styrking av kontakta med fjorden og gjere sjøfronten til eit tilgjengeleg og attraktivt opphaldsområde for ferdsel og aktivitet

## **Kulturminne og kulturmiljø**

- Det skal skildrast løysingar for tilpassing til verdifulle bygningsmiljø, og korleis dette kan gjerast på ein måte som styrkar opplevinga av stadens kulturmiljø og kulturhistorie

## **Busetjing**

- Det skal gjerast greie for korleis type bustader påverkar innbyggjarsamansettina og behov for sosial infrastruktur, leikeplassar og grøntareal m.v.

## **Barn og unge sine oppvekstvilkår**

- Det skal vurderast å gjerast greie for tiltak som kan vere med på å styrke barn og unge sine oppvekstvilkår som t.d.
  - Leike- og oppholdsareal
  - Ferdselsårar
  - Tilgang til grøntareal

## **Folkehelse**

- Gode lokalsamfunn har stor innverknad på innbyggjarane sin livskvalitet og helse. Ein skal omtale/ identifisere helsefremjande faktorar for lokalsamfunna som t.d. tilgangen til friluftsområde, grønstrukturar, leikeplassar og sosiale møteplassar.
- Gjere vurderingar av korleis planlegginga legg til rette for fysisk aktivitet, sosiale møteplassar, tryggleik i trafikk, kriminalitet og tilgjenge for alle.
- Aldersvennleg samfunn..

## **Berekraftig mobilitet**

- Vurdere arealbehovet for grøn mobilitet (gåande, syklande og kollektivtrafikk)
- Vurdere verknader for viktige smug, gang- og sykkelaksar i og rundt sentrum, og løysingar for styrking av slike
- Vurdere løysingar for sykkelparkering og -lading under tak

### ***Tilgjenge for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett***

- Ein skal i planforslaget gjere greie for korleis uteareal, ferdelsårar for mjuke trafikantar og bygde omgjevnader skal utformast i samsvar med krav om universell utforming.
- Vurdere behovet for styrking av framkome for mjuke trafikantar mellom grøne lunger i sentrum

### ***Samfunn – sysselsetting, næringsliv, turisme, bustadmarknad og behov for kommunalservice***

- Vurdere (gjennom handelsanalyse?) løysingar for etablering av ny handel på ein måte som bygg opp om måla om meir aktivitet og gateliv i sentrum

### ***Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet***

- Det skal utarbeidast ein rettleiar som sikrar kvalitet i bygg, anlegg, vegar, gater, plassar og uterom i sentrum. Rettleiaren bør også skildre grenser og utforming av grenser mellom offentlege og private gaterom, samt vurdere behov for særskilde krav til materialbruk, utforming av hjørne, bruk av første etasje og andre forhold som skaper miljøet ein ynskjer.

### ***Økonomiske konsekvensar for kommunen***

- Gjere greie for korleis gjennomføring av planen vil påverke kommunal økonomi.

### ***Klima og energi***

- Vurdere løysingar for gjenbruk og sambruk i bygg og infrastruktur no og i framtida
- Skildre løysingar for fornybar og låg energibruk for ombyggingar og nybygg
- Vurdere løysingar og krav for samla avfallshandtering

Med utgangspunkt i klimamåla i kommuneplanens samfunnsdel bør det gjerast ei analyse for å konkretisere energi- og klimaambisjonane for tettstaden. Viktige punkt kan t.d. vere lågt energibehov, miljøvenlege byggjemateriale, gjenbruk, utnytting av fornybare energikjelder og overskotsvarme, type bygg, behov for samferdsel. Transportmiddelfordeling og tilretteleggingstiltak for redusert trafikk.

# 8 Utgreiingsprogram for konsekvensutgreiinga

## 8.1 Generelt

Føremålet med konsekvensutgreiingar er å sikre at ein tek omsyn til miljø og samfunn under førebuing og utarbeiding av planar og tiltak. Områdeplanen er omfatta av forskrift om konsekvensutgreiing.

Det inneber at ein skal skildre verknadene for alle nye område for utbygging, og der arealbruken vert vesentleg endra i eksisterande byggeområde. Dette gjeld i hovudsak endringane i områda som er skildra i kap. 6.3. Det er i desse områda dei største endringane vil skje og som vil ha dei største konsekvensane.

Områderegulering for Volda sentrum er i hovudsak ein overordna plan som sett rammer for påfølgjande detaljreguleringar i planområdet. I enkelte område er den ein meir detaljert plan som legg til rette for gjennomføring av tiltak. Grad av detaljering i planen styrer korleis krav til konsekvensutgreiing av ein områderegulering skal tolkast. Områdereguleringsplanen fell inn under § 6 i forskrift om konsekvensutgreiingar (§ 12-2 etter plan- og bygningslova) som krev at områdereguleringsplanar som legg til rette for. I områda skildra i kap. 6.4 vil det kunne bli lagt til rette for næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med bruksareal på meir enn 15 000 m<sup>2</sup> alltid skal konsekvensutgreiast med planprogram (jf. punkt 24 i vedlegg 1 i forskrifta).

Planen fell også inn under punkt 10 b i vedlegg II, som omhandlar utviklingsprosjekt for by- og tettstadsområde, inkludert kjøpesenter og parkering og skal ha konsekvensutgreiing dersom vurdering etter kriteriene i § 10 viser at planen eller tiltaket kan medføre vesentlege verknader for miljø eller samfunn. Totalt i planområdet viser Moglegheitsstudien at det i alternativ 1 kan vere muleg å legge til rette for om lag 60 000 m<sup>2</sup> nytta areal og om lag 65 000 m<sup>2</sup> i alternativ 2. I overordna plan er det tatt stilling til arealbruken, der det er gjennomført konsekvensutgreiing av fleire nye område for sentrumsformål og offentleg tenesteyting. Områdereguleringsplanen kan gi endra arealbruk enn det kommunedelplanen legg til rette for.

Dette kapittelet skildrar dei forhold ein ser som vesentlege i plansaka, og som bør utgreiast nærmare som del av planarbeidet. Fokus i planprogrammet og utgreiingane iht. forskrifta §5 skal vere på relevante rammer og krav i §7 og vedlegg IV. Målsettinga er å få fram naudsynt og avgjerdssrelevant kunnskap.

Utgreiinga skal belyse konsekvensane planen gir for relevante påverknadsområde innan utvalde tema. Influensområde for ulike verknader skal definerast på ein eintydig måte og kartfestast. Alle delutgreiingar skal ha eit konkluderande samandrag som skal inngå i planomtalet. For kvart deltema skal ein gjere greie for datagrunnlaget og metodane som er nytta for å skildre verknadane.

## 8.2 Metode for konsekvensutgreiing

Metodane som skal nyttast for utgreiing er:

- Utgreiing (tekstleg oppsummering av kunnskapsgrunnlaget)
- Vurdering (tekstleg vurdering av temaet, eventuelt gjennom illustrasjonar)
- Simulering / berekning (eventuelt ved hjelp av eigna programvare) der det er relevant

Statens vegvesen si handbok V712 Konsekvensanalyser skal nyttast så langt ein finn metoden eigna. Først gjerast ei vurdering av konsekvens for delområder, dette kan truleg nyttast for nokre tema. Vurderingane kan gjerast enten heilt i tråd med metodikken slik den er vist i handboka, eller i ei forenkla form. Dette tilseier at ein gir område verdi for kvart utgreiingstema. Deretter vurderer ein påverknad i forhold til referansesituasjonen (0-alternativet). Til slutt vurderer ein konsekvens av tiltaket ved å samanstille verdi og påverknad. Konsekvens er

ei vurdering av om tiltak vil medføre betring eller forringing av eit område. (Kjelde: Handbok V712 Konsekvensanalyser, kap. 6.2.3, Statens vegvesen, 2018.

For tema knytte til klima og miljø skal Miljødirektoratet sin rettleiar for konsekvensanalyser nyttast.

Utgreingane skal ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap, og synfaring i området, men må også vurdere behovet for oppdatering og nye undersøkingar før gjennomføring av planen eller tiltaket. Ein fastset også om det skal gjerast undersøkingar eller tiltak for å overvake og klargjere dei faktiske verknadane av planen eller tiltaket inkludert forslag til korleis dette skal gjennomførast.

#### **Grunnlag / kjelder for utgreingane skal vere:**

- Eksisterande data
- Synfaring
- Ny registrering / kartlegging

Det under strekast at tema som er skildra under er dei som vurderast som avgjerd relevante etter forskrift om konsekvensutgreiing.

Under er ei oversikt over kva tema som skal utgjeraast etter Forskrift om konsekvensutgreiing. Andre tema og verknader av planforslaget vil gjerast greie for på vanleg måte gjennom planomtalen som følgjer planforslaget.

#### **Konsekvensar i forhold til overordna planar og mål**

Det skal gjerast greie for forholdet til kommunale, fylkeskommunale og andre regionale og nasjonale planer og retningslinjer som er relevante for planforslaget, samt for korleis relevante miljømål fastsett gjennom lokale og regionale (nasjonale?) mål og retningslinjer, og korleis desse er tekne omsyn til i planen.

Volda kommune har i Kommuneplanens samfunnsdel foreslått mål om 55% reduksjon i direkte klimagassutslepp i kommunen innan 2030, samanlikna med 2009.

### **8.3 Utgreingstema**

Etter å ha gått gjennom lista i KU-forskrifta med aktuelle KU-tema og vurdert om alternativa kan gi vesentlege verknader for dei ulike tema ut frå dagens situasjon, har ein kome fram til at følgjande tema er aktuelle å konsekvensutgreie:

- Arkitektur, estetikk og landskap.
- Friluftsliv og by-/tettstadliv
- Kulturminne og kulturmiljø
- Transportløysingar
- Barn og unge
- Folkehelse og tilgjenge for alle
- Klimatilpassing
- Klimagassutslepp, energiforbruk og energiløysingar

#### **Arkitektur, estetikk og landskap**

Planområdet er eit eksisterande bebygd område. Utgreingstemaet handlar om tettstaden sine romlege og visuelle eigenskapar og korleis landskapet vert opplevd som fysisk form. Formålet med analysen er å få kunnskap om tettstaden sine verdiar når det gjeld arkitektur, estetikk og landskap og belyse konsekvensane av alternativ 1 og alternativ 2. Det skal gjerast tydeleg kva alternativ som er best for temaet. Utgreinga skal gjerast av fagpersonar med relevant kompetanse innan landskapsarkitektur eller arkitektur. Det skal så langt det passar nyttast metode med utgangspunkt i V712. Utgreinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og tema-/registreringskart med grovinndeling av delområde. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.

## *Friluftsliv og by-/tettstadliv*

Utgreingstemaet skal belyse korleis alternativa får verknader for brukarane av planområdet.

Temaet omfattar alle område som er viktig for allmenta sin mulegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet og i naturen elles. Formålet med analysen er å få kunnskap om verdifulle områder for tema og belyse konsekvensane av de ulike alternativa. Det må gjerast tydeleg kva alternativ som er best og därlegast for temaet. Utgreiing av tema friluftsliv / by- og tettstadsliv skal utføres av fagpersoner med erfaring og relevant fagkompetanse.

Temaet omfattar følgjande deltema: Friluftslivområder, Utearealer som er allment tilgjengelige (i hele eller deler av døgnet), . Forbindelseslinjer for myke trafikanter, Nett for tursykling, Sykling på offentlig vegnett.

Det skal så langt det passar nyttast metode med utgangspunkt i V712. Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.

## *Kulturminne og kulturmiljø*

Temaet omfattar spor etter menneskeleg aktivitet gjennom historia knytt til kultur- minner, kulturmiljø og kulturhistoriske landskap. Formålet med analysen er å få kunnskap om verdifulle områder for tema og belyse konsekvensane av dei ulike alternativa. Det skal gjerast tydelig kva alternativ som er best og därlegast for temaet. Ugreiarar for dette fagtemaet er fagpersoner med erfaring og kulturminnefagleg kompetanse.

Temaet omfattar følgjande deltema:- Kulturminner, kulturmiljø, kulturhistoriske landskap inklusive bylandskapet/landskapet i tettstaden.

Det skal så langt det passar nyttast metode med utgangspunkt i V712. Utgreiinga skal vere basert på gjennomgang av eksisterande kunnskap, synfaring og registreringskart. Avbøtande tiltak skal om nødvendig skildrast.

## *Transportløysingar*

Konsekvensar for trafikkavvikling for alle trafikantgrupper inklusiv varetransport og kollektivtransport. Fokus på framkommeleghet og trafikktryggleik. Formålet er å avdekke kva alternativ som gir dei mest trafikktrygge løysingar med utgangspunkt i «nullvisjonen» og som gir tiltrekkeleg framkomme for alle trafikantgrupper.

Det skal takast utgangspunkt i metode i V712 for prissette konsekvensar.

## *Barn og unge*

Konsekvensar for barn og unge sine oppvekstvilkår med mulegheiter for aktivitet, leik og trygg ferdsel til viktige målpunkt for aldersgruppa gjennom alle årstider.

## *Folkehelse og tilgjenge for alle*

Konsekvensar for folk si helse og fordeling av helse i befolkninga. Konsekvensar når det gjeld tilgjenge for alle til uteområde, friluftsområde og tilgjenge til viktige kvardagsfunksjonar. Aldersvennelg????

Simulere gang-/sykkelavstandar i tid basert på vegar, gangvegar og stiar/snarvegar som er opne for ålmenta. Det skal takast omsyn til stigningsforhold.

### ***Klimatilpassing***

Temaet omfattar konsekvensar for forventa klimaendringar. Formålet er å avdekke konsekvensar av forventa klimaendringar for alternativa for å kunne samanlikne kva alternativ som er best klimatilpassa.

### ***Klimagassutslepp, energiforbruk og energiløysingar***

Temaet omfattar klimagassutslipp (som følgje transportbehov) og energiforbruk som følgje av realisering av planen.

Transportbehov og reiseavstandar som følgje av alternativa skal kartleggast. Det skal gjerast kvalitative vurderingar i samsvar med Miljødirektoratet sin metode for konsekvensutgreiing. Klimagassutslepp som følgje av transportbehovet skal kvantifiserast ved bruk av «beregningsmetode i veilederen til kommunale klima- og energiplaner». Det skal vurderast korleis alternativa kan bidra til nye eller endra utslipp av klimagassar, redusert energibruk. Det skal også visast kva verknadar som er beslutningsrelevante for kvart alternativ.

## 9 ROS - analyse

Etter plan- og bygningslova § 4-3 er det eit generelt krav om at det for planar som legg til rette for utbygging skal det gjennomførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse). For planar med krav til konsekvensutgreiing skal ROS-analysen inngå i konsekvensutgreiinga.

ROS-analysen skal utførast i henhold til hovudprinsippa i DSB sin Veileder til helhetlig risiko- og sårbarhetsanalyse i kommunen.

Metoden i rettleiaren er tilpassa krava i PBL med forskrifter. Metoden legg til rette for å sjå utfordringar i samanheng og bidrar til ei heilheitleg samanstilling av vurderingane.

- ROS-analysen må sjåast i samanheng med overordna ROS-analyse for kommunen.
- ROS-analysen må sjåast i samanheng ROS-analysen i samband med kommuneplanen